



Alver kommune  
Havnevegen 41 A  
5918 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Odd Ivar Kalland, 5764 3069

## Uttale til søknad om nydyrking - Alver - 108/20 - Lindås

Vi viser til søknad om nydyrking på gbnr. 108/20 i Lindås. Søknaden gjeld nydyrking av eit areal på omlag 45 dekar. Arealet er i dag myr og uproduktiv skog.

Ifølgje § 1 i forskrift om nydyrking skal nydyrking gjerast på ein måte som tar omsyn til natur- og kulturlandskap. Det skal leggast vekt på omsynet til miljøverdiar som biologisk mangfald, kulturminne og landskapsbilde. Det skal også leggast vekt på å sikre gode driftsmessige løysingar.

Kommunen skal etter § 5 i forskrifta også legge vekt på om det ut frå jordlova § 1 er ønskjeleg å styrke driftsgrunnlaget på eigedomen, og om nydyrkingstiltaket legg til rette for driftsmessige gode løysingar.

Fylkesmannen skal i tråd med § 9 gjevast høve til å uttale seg der nydyrkinga kan ha innverknad på vesentlege miljøverdiar, jf. § 3 forskrift om nydyrking, og vi har følgjande merknader:

Deler av arealet er myr, djup myr jf NIBIO si kartløyising. Vi minner om at nydyrkingsforskrifta blei endra 2.6.2020, slik at det no i utgangspunktet er forbode med nydyrking av myr. Sidan søknaden er datert 23/6-20 må dette handsamast som ein søknad om dispensasjon frå den nye forskrifta. Meir informasjon om dette finn de her: <https://www.fylkesmannen.no/vestland/landbruk-og-mat/jordbruk/ending-i-reglane-om-nydyrking/>

Med helsing

Bjørn Harald Haugsvær  
ass. landbruksdirektør

Odd Ivar Kalland  
overingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*